

# Forskrift om gebyr for private planar, byggje- og delesakshandsaming, oppmåling og eigarseksjonering, Ålesund kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Plan- og bygningslova § 33-1, jamfør òg byggesaksforskrifta, matrikkellova § 32, jamfør òg matrikkelforskrifta, samt eigarseksjonslova § 15.

Fastsett: Ålesund kommunestyre 10.11.20, sak 186/20

Ikraftsetjing: 1. januar 2021

## Kapittel 1 – Generelle føresegner

Gebyr etter dette regulativet vert betalt etter faktura utskreven av kommunen. Betaling kan krevjast før forretning fastsetjast, arbeid vert igangsett eller før løyve/vedtak fattast. Alle prisar er angitt i norske kroner. Det vert ikkje berekna meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova eller eigarseksjonslova.

Regulativet speglar det faktiske arbeidet dei ulike sakstypene medfører. Samla fakturert gebyr dekker sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

### § 1-1. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr. Kommunen krev i tillegg inn tinglysningsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forskottera dette. Fakturaadresse skal kome fram i søknaden.

### § 1-2. Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr etter plan- og bygningslova og eigarseksjonslova vert berekna etter dei satsane som gjeld på tidspunktet komplett sak vert motteke i kommunen, med mindre anna kjem fram av regulativet.

Gebyr etter matrikkellova vert berekna etter dei satsane som gjeld når saka vert fremma, jf. matrikkelforskrifta § 16. Gebyret vert fakturert når vedtak fattast, etter heldt oppstartsmøte eller førehandskonferanse eller når kommunen har ferdigbehandla eller avslutta saka. Planforslag vert fakturert ved vedtak om offentlig ettersyn.

Gebyret forfell til betaling 30 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling vil det kome tilurregebyr etter inkassoforskrifta. Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er påklaga eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

### § 1-3. Gebyr og prisar i regulativet

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet til kommunen med dei ulike sakstypene og er berekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrregulativet vert årleg vedtatt av kommunestyret som har høve til å prise gebyra lågare enn sjølvkost.

### § 1-4. Sakkyndig bistand

Der kommunen leiger inn sakkyndig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadene for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg vert det fakturert for medgått tid for kommunen sitt arbeid med å hente inn denne bistanden.

### § 1-5. Urimeleg gebyr

Dersom kommunen etter eiga vurdering eller etter skriftleg søknad vurderer gebyret som klart urimeleg, kan gebyret setjast ned. Kommunen kan delegere vedtaksautoriteten til relevant administrativt nivå. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen.

### § 1-6. Klage

Når gebyret er heimla i plan- og bygningslova § 33-1, matrikkellova § 32 eller eigarseksjonslova § 15, er det ikkje høve til å klage på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1-5 om urimeleg gebyr kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal etter reglane i forvaltingslova.

### § 1-7. Avslag

Saksarbeidet vert sett på som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utgangen av klagefristen. For å etterleva sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet vert ikkje godskrive ved ny eller endra søknad. Dersom søknad om seksjonering vert avslått vert eventuelt innbetalt tinglysningsgebyr tilbakebetalt.

### § 1-8. Tilbaketrekking av søknad

Dersom søknad vert trekt tilbake, skal tiltakshavar betala ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har komme i behandlinga av søknaden. Det kjem fram av regulativet kor mykje som skal betalast.

## § 1-9. Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta tyder:

- a. Pbl: Lov om planlegging og byggjesaksbehandling (plan- og bygningslova).
- b. SAK: Forskrift om byggesak (byggjesaksforskrifta).
- c. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- d. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definert i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3, 20-4.
- e. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister der kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom eigdommen ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har dissa verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneiendoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- f. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eige gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar vert rekna som sjølvstendig eigedom.
- g. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom berekna med utgangspunkt i NS-3940.
- h. Daa: Dekar, 1.000 kvadratmeter.
- i. Vnr.: Varenummer.

## Kapittel 2 – Private planar (reguleringsplanar)

### § 2-1. Generelt

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeidet til kommunen fram til det vert avgjort om forslaget skal fremmast. I saker som vert avslutta før fullstendig planforslag er lagt fram, eller før offentleg ettersyn, vert gebyret fakturert når saka er avslutta.

### § 2-2. Timepris

For dei tenestene som ikkje vert omfatta av dette regulativet så kan det takast gebyr etter tid som går med til kommunens arbeid. Timesatsen dekkjer òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

| Timepris |  | Berekningsseining | Gebyr     |
|----------|--|-------------------|-----------|
| Vnr. Y   | For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene | Per time          | Kr 1100,- |

### § 2-3. Tilbaketrekking av planforslag

Ved trekk av planforslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal tiltakshavar betala ein del av samla sakshandsamingsgebyr avhengig av kor langt kommunen har komme i saksarbeidet.

| Trekking av søknad |   | Berekningsseining | Gebyr |
|--------------------|---|-------------------|-------|
| Vnr. Y             | For søknader som vert trekt etter varsel om oppstart, men før innsendt planforslag er mottatt | Per planforslag   | 25 %  |
| Vnr. Y             | For saker som vert avslutta etter påbyrja sakshandsaming, men før førstegongsvedtak           | Per planforslag   | 50 %  |
| Vnr. Y             | For saker som vert avslutta etter påbyrja sakshandsaming og etter førstegongsvedtak           | Per planforslag   | 100 % |

### § 2-4. Oppstartsmøte

Både kommunen og tiltakshavar kan krevje oppstartsmøte. Gebyret dekkjer førebuingane til kommunen, deltaking i møte og dessutan referat og etterarbeid.

| Oppstartsmøte, jf. pbl § 12-8 |  | Berekningsseining | Gebyr     |
|-------------------------------|--|-------------------|-----------|
| Vnr. Y                        | Oppstartsmøte                                | Per møte          | Kr 8000,- |
| Vnr. Y                        | Oppstartsmøte mindre komplekse planinitiativ | Per møte          | Kr 4000,- |

### § 2-5. Private planforslag

Alle private planforslag skal betale eit gebyr avhengig av regulert areal. Areal som regulerast til offentlege grønstruktur- og friluftformål, verneområde samt eksisterande offentlege trafikkområde skal ikkje takast med i berekninga. Dersom planforslaget ikkje er i samsvar med overordna planar mv. skal det bereknast eit tilleggsggebyr.

| Reguleringsplan, jf. pbl §§ 12-10, 12-11 |  | Berekningsseining                  | Gebyr       |
|--|--|------------------------------------|-------------|
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan  | Per planforslag, inntil 5 daa      | Kr 65000,-  |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan  | Per planforslag, frå 5 til 15 daa  | Kr 100000,- |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan  | Per planforslag, frå 15 til 30 daa | Kr 140000,- |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan  | Per planforslag, frå 30 til 70 daa | Kr 200000,- |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan  | Per planforslag, over 70 daa       | Kr 250000,- |
| Vnr. Y                                   | Tillegg for planforslag som ikkje er i samsvar med overordna planar, bustadbyggeprogram, teknisk og sosial infrastruktur | Per planforslag                    | Kr 15000,-  |

Alle private planforslag skal òg betale eit gebyr avhengig av godkjend maksimalt bruksareal i planforslaget. Planforslag med frittliggjande småhusbusetnad med inntil to bustadeiningar, fritisbusetnad og naust (Sosikode: RPArealFormål 1111, 1120) skal ikkje betale gebyr for bruksarealet.

| Reguleringsplan, jf. pbl §§ 12-10, 12-11 |                               | Berekningsseining                                     | Gebyr       |
|--|-------------------------------|---|-------------|
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan | Per planforslag, inntil 1.000 m <sup>2</sup>          | Kr 15000,-  |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan | Per planforslag, frå 1.001 til 3.000 m <sup>2</sup>   | Kr 25000,-  |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan | Per planforslag, frå 3.001 til 10.000 m <sup>2</sup>  | Kr 60000,-  |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan | Per planforslag, frå 10.001 til 30.000 m <sup>2</sup> | Kr 80000,-  |
| Vnr. Y                                   | Behandling av reguleringsplan | Per planforslag, over 30.001 m <sup>2</sup>           | Kr 100000,- |

Bruksareal under bakkenivå reknast for seg sjølv med 50 % av satsane over.

### § 2-6. Planar som krev konsekvensutgreiing

For planforslag som krev konsekvensutgreiing skal det betalast tilleggsgebyr.

| Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-2 andre ledd og kap. 14 |                                    | Berekningsseining | Gebyr      |
|---|------------------------------------|-------------------|------------|
| Vnr. Y  | For planar med konsekvensutgreiing | Per planforslag   | Kr 25000,- |

### § 2-7. Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr.

| Utfylling og endring av plan, jf. pbl § 12-14 |   | Berekningsseining | Gebyr       |
|---|---|-------------------|-------------|
| Vnr. Y  | Mindre endring og utfylling av detaljplan                           | Per søknad        | Kr 32500,-  |
| Vnr. Y  | Endringar som vert behandla som ny plan jf. pbl § 12-14 første ledd | Per søknad        | Fullt gebyr |

## Kapittel 3 – Byggje- og delesakshandsaming

### § 3-1. Generelt

For alle søknadsppliktige tiltak etter plan- og bygningslova skal det betalast gebyr etter satsane som kjem fram nedanfor, med mindre anna kjem fram av regulativet.

Satsane er knytt til bruksarealet til bygningen i samhøve med NS-3940 så langt som dette passar.

Gebyr vert kravd for kvart enkelt tiltak sjølv om det vert fremma søknad for fleire tiltak i same område.

Gebyra gjeld fullt ut for tiltak som vert godkjent mellombels for 2 år eller meir.

### § 3-2. Minstegebyr

Gebyra er basert på eit minstegebyr (M) eller spesifikke satsar. Det vert ikkje gjeve gebyr under satsen på 1 M.

| Minstegebyr (M) |  | Berekningsseining          | Gebyr     |
|-----------------|--|----------------------------|-----------|
| Vnr. Y          | Minstegebyr - 1 M  | Per søknadsppliktig tiltak | Kr 3140,- |
| Vnr. Y          | Minstegebyr for tiltak som vert godkjent mellombels for mindre enn to år - 2 M | Per søknadsppliktig tiltak | Kr 6280,- |

### § 3-3. Avslag på søknad og fristoversitjing

Ved avslag på søknader vert gebyret redusert til 60 % av ordinært gebyr.

Dersom frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 overskridast, skal kommunen redusere gebyra i samsvar med denne avgjerda. Behandlingsfristen byrjar å springe frå fullstendig søknad er motteke i kommunen.

### § 3-4. Førehandskonferanse

For nærare avklaring av rammer og innhald i tiltaket kan det haldast førehandskonferanse mellom tiltakshavar, kommunen og andre rørte fagmyndigheiter.

| Førehandskonferanse etter pbl § 21-1 |                           | Berekningsseining | Gebyr     |
|--------------------------------------|---------------------------|-------------------|-----------|
| Vnr. Y                               | Førehandskonferanse - 1 M | Per møte          | Kr 3140,- |

### § 3-5. Gebyr for mangelfulle søknader

Dersom innsendt søknad er mangelfull og kommunen må etterspørje ansvarleg søkar om tilleggssopplýsingar eller dokumentasjon før behandling, eller søknad vert returnert på grunn av manglar, vert det gitt gebyr frå og med det andre mangelbrevet.

| Gebyr for mangelfulle søknader |                                | Berekingseining        | Gebyr  |
|--------------------------------|--------------------------------|------------------------|--------|
| Vnr. Y                         | Gebyr for mangelfulle søknader | Etter andre mangelbrev | Kr 0,- |

### § 3-6. Gebyr for tiltak berekna etter bruksareal

For behandling av søknad med krav om ansvarleg føretak etter plan- og bygningslova § 20-1 og som kan målast etter bruksareal gjeld følgjande satsar per m<sup>2</sup> bruksareal:

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 |   | Berekingseining      | Gebyr    |
|--|---|----------------------|----------|
| Vnr. Y   | Areal til og med 50 m <sup>2</sup>                | Per kvadratmeter BRA | Kr 124,- |
| Vnr. Y   | Areal frå 51 til og med 200 m <sup>2</sup>        | Per kvadratmeter BRA | Kr 102,- |
| Vnr. Y   | Areal frå 201 til og med 400 m <sup>2</sup>       | Per kvadratmeter BRA | Kr 82,-  |
| Vnr. Y   | Areal frå 401 til og med 600 m <sup>2</sup>       | Per kvadratmeter BRA | Kr 60,-  |
| Vnr. Y   | Areal frå 601 til og med 10.000 m <sup>2</sup>    | Per kvadratmeter BRA | Kr 40,-  |
| Vnr. Y   | Areal frå 10.001 til og med 25.000 m <sup>2</sup> | Per kvadratmeter BRA | Kr 31,-  |

Ved tiltak som rehabilitering og bruksendring, eller ved ombygging som ikkje er hovudombygging, vert gebyret avgrensa til rørte areal etter tabell angitt ovanfor. Det betalast 70 % av ordinært gebyr, likevel ikkje mindre enn minstegebyret. Enkle hallar illeggas eit gebyr på 50 % av ordinært gebyr etter areal, likevel ikkje mindre enn 2 M.

For behandling av søknad utan krav om ansvarleg føretak etter plan- og bygningslova § 20-4 og som kan målast etter bruksareal gjeld følgjande satsar pr m<sup>2</sup> bruksareal:

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-4 |  | Berekingseining           | Gebyr      |
|--|--|---------------------------|------------|
| Vnr. Y   | Areal til og med 50 m <sup>2</sup> - 2M            | Per søknadspliktig tiltak | Kr 6280,-  |
| Vnr. Y   | Areal frå 51 til og med 70 m <sup>2</sup> - 3M     | Per søknadspliktig tiltak | Kr 9420,-  |
| Vnr. Y   | Areal frå 71 til og med 200 m <sup>2</sup> - 4M    | Per søknadspliktig tiltak | Kr 12560,- |
| Vnr. Y   | Areal frå 201 til og med 1.000 m <sup>2</sup> - 5M | Per søknadspliktig tiltak | Kr 15700,- |

### § 3-7. Gebyr for tiltak der bruksareal ikkje kan nyttast

For behandling av tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 som ikkje er målbare i bruksareal, vert det berekna gebyr etter storleiken og kompleksiteten i saka. Storleiken på sak/gebyr vert vurdert ut ifrå sjølvkostprinsippet.

Føresegna omfattar fasadeendringar, skilt og reklameinnretningar, tekniske installasjonar, rehabilitering av pipe, løfteinnretningar, støttemurar, støyskjerming, terrengarbeid, tekniske anlegg, konstruksjonar og anlegg m.m. Nemnde tiltak er likevel inkludert i det ordinære gebyret viss dei vert søkt saman med anna tiltak.

| Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 |  | Berekingseining           | Gebyr      |
|--|--|---------------------------|------------|
| Vnr. Y   | Rehabilitering av pipe, trappeheis - 1 M | Per søknadspliktig tiltak | Kr 3140,-  |
| Vnr. Y   | Ikkje målbart – små saker - 2 M          | Per søknadspliktig tiltak | Kr 6280,-  |
| Vnr. Y   | Ikkje målbart – større saker - 3 M       | Per søknadspliktig tiltak | Kr 9420,-  |
| Vnr. Y   | Ikkje målbart – store saker - 5 M        | Per søknadspliktig tiltak | Kr 15700,- |

### § 3-8. Igongsettingsløyve

For to-trinns behandling (ramme- og igongsettingsløyve) vert gebyr berekna på same måte som for eitt-trinns behandling. Det vert kravd gebyr for behandling av Igongsettingsløyve utover det første løyvet.

| Igongsettingsløyve (IG) |                          | Berekingseining             | Gebyr     |
|-------------------------|--------------------------|-----------------------------|-----------|
| Vnr. Y                  | Igongsettingsløyve - 1 M | Per løyve utover den første | Kr 3140,- |

### § 3-9. Godkjenning av sjølvbyggjaransvar etter SAK § 6-8 og ansvarsrett etter SAK § 11-4

For behandling av tiltak der sjølvbyggjar godkjennast etter SAK § 6-8 eller godkjenning av føretak som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava i SAK § 11-4.

| Godkjenning |   | Berekingseining | Gebyr     |
|-------------|---|-----------------|-----------|
| Vnr. Y      | Godkjenning av sjølvbyggjaransvar - 1 M | Per tiltak      | Kr 3140,- |
| Vnr. Y      | Godkjenning av ansvarsrett - 1 M        | Per føretak     | Kr 3140,- |

### § 3-10. Dispensasjonssøknad, fråvik frå byggtknisk forskrift

Krev ein søknad dispensasjon frå gjeldande planar, lovar, eller avgjerder vert det berekna eitt tilleggsgebyr for kvart forhold det vert søkt dispensasjon ifrå. I frådelingssaker der det vert kravd søknad om dispensasjon er satsane gitt under § 3-12 Frådelingssaker.

| Dispensasjon og fråvik |                                      | Berekningseining | Gebyr     |
|------------------------|--------------------------------------|------------------|-----------|
| Vnr. Y                 | Dispensasjon frå plan, lov mv. - 1 M | Per søknad       | Kr 3140,- |
| Vnr. Y                 | Fråvik frå TEK - 1 M                 | Per fråvik       | Kr 3140,- |

### § 3-11. Riving av bygg

For riving av bygningar vert det kravd gebyr.

| Riving |   | Berekningseining | Gebyr     |
|--------|---|------------------|-----------|
| Vnr. Y | Riving av bygningar og konstruksjonar utan krav til avfallsplan - 1 M | Per bygning      | Kr 3140,- |
| Vnr. Y | Riving av bygningar og konstruksjonar med krav til avfallsplan - 3 M  | Per bygning      | Kr 9420,- |

### § 3-12. Frådelingssaker

Det vert berekna saksarbeidsgebyr ved oppretting og endring av eigedom etter plan- og bygningslova § 26-1.

| Frådeling |  | Berekningseining | Gebyr     |
|-----------|--|------------------|-----------|
| Vnr. Y    | Frådelingssaker bereknast eit generelt sakshandsamingsgebyr på - 2 M | Per søknad       | Kr 6280,- |
| Vnr. Y    | Frådelingssaker med ein eller fleire dispensasjonar - 3 M            | Per søknad       | Kr 9420,- |

### § 3-13. Arbeid som ikkje kjem til utføring, fornying av søknad og fornying av mellombels bruksløyve

Ved ny behandling, innan fem år, av tidlegare godkjent byggesøknad utan endringar av tiltaket vert det gjeve 50 % rabatt i nytt gebyr. Der det er gitt avslag, og ny søknad er motteke innan seks månader etter dato for avslag vert det gjeve 30 % rabatt i nytt gebyr.

| Mellombels bruksløyve |   | Berekningseining | Gebyr     |
|-----------------------|---|------------------|-----------|
| Vnr. Y                | Forlenga frist for ferdigstilling gjennom mellombels bruksløyve etter pbl § 21-10 - 1 M | Per løyve        | Kr 3140,- |

### § 3-14. Søknad om endring

Endring som krev nytt vedtak utløyser eit gebyr på 1 M. Eventuell dispensasjon/fråvik frå byggtknisk forskrift utløyser gebyr i tillegg, jf. § 3-10.

### § 3-15. Tilbaketrekking av søknad

Søknad som vert trekt etter utført mottakskontroll: 1 M

Søknad som vert trekt etter utført vedtak: 100 % av ordinært gebyr.

### § 3-16. Tilsyn

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak vert gjennomført i samsvar med føresegnar gjeve i eller med heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekkje lovbrøt og verke førebyggjande.

10 % av sakshandsamingsgebyret skal dekkje kommunen si tilsynsverksemd.

### § 3-17. Timepris

For dei tenestene som ikkje er omtalt i regulativet, men som krev behandling etter plan- og bygningslova, gjeld eit gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer mellom anna saksarbeid, støttefunksjonar og administrasjon.

| Timepris |  | Berekningseining | Gebyr     |
|----------|--|------------------|-----------|
| Vnr. Y   | For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene | Per time         | Kr 1133,- |

## Kapittel 4 - Oppmåling

### § 4-1. Generelt

Alle oppmålingsforretningar etter matrikkellova skal betale gebyr med mindre anna kjem fram av regulativet. Gebyret skal betalast av rekviert etter dei reglane og satsar som gjeld den dagen saka vert fremma for kommunen. Kommunen kan i tillegg krevje dekt nødvendige tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

## § 4-2. Timepris

For dei tenestene som ikkje vert omfatta av dette regulativet, gjeld eit gebyr etter tid som går med til kommunens arbeid. Timesatsen varierer ut i frå om det gjeld kontorarbeid eller feltarbeid, og dekkjer mellom anna saksarbeid, støttefunksjonar og administrasjon.

| Timepris   | Berekningsseining     | Gebyr     |
|--|-----------------------|-----------|
| Vnr. Y For dei tenestene som ikkje fell inn under regulativføresegnene, medrekna registrering av eksisterande jordsameie | Per time kontorarbeid | Kr 1040,- |
| Vnr. Y For dei tenestene som ikkje fell inn under regulativføresegnene, medrekna registrering av eksisterande jordsameie | Per time feltarbeid   | Kr 1040,- |

## § 4-3. Avbrote forretning

Ved avbrote forretning skal rekvirent betale 1/3 av fullt gebyr. Ved avbroten sak etter at oppmålingsforretning er halde, vert det betalt fullt gebyr.

## § 4-4. Gebyr for oppmålingsforretning

| § 4-4-1 Oppmålingsforretning for ny grunneigedom og festegrund |  | Berekningsseining | Gebyr      |
|--|--|-------------------|------------|
| Vnr. Y   | Areal inntil 250 m <sup>2</sup>        | Per eigedom       | Kr 16780,- |
| Vnr. Y   | Areal frå 251 til 2.000 m <sup>2</sup> | Per eigedom       | Kr 27140,- |

Areal over 2.000 m<sup>2</sup> vert prisa etter § 4-2 med minstepris tilsvarande gebyret for areal frå 251 til 2.000 m<sup>2</sup>.

| § 4-4-2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn |                                | Berekningsseining | Gebyr     |
|--|--------------------------------|-------------------|-----------|
| Vnr. Y   | Areal under 500 m <sup>2</sup> | Per eigedom       | Kr 7980,- |

Areal over 500 m<sup>2</sup> vert prisa etter § 4-2 med minstepris tilsvarande gebyret for inntil 500 m<sup>2</sup>. Ved grunn til offentlig veg skal gebyret fastsetjast etter § 4-2.

| § 4-4-3 Oppmålingsforretning ved grensejustering mellom grunneigedom, festegrund eller anleggseigedom |  | Berekningsseining | Gebyr      |
|---|--|-------------------|------------|
| Vnr. Y  | Oppmålingsforretning ved grensejustering mellom grunneigedom mv. | Per eigedom       | Kr 11175,- |

| § 4-4-4 Klarlegging av eksisterande grenser som ikkje tidlegare er koordinatbestemt |                           | Berekningsseining       | Gebyr      |
|---|---------------------------|-------------------------|------------|
| Vnr. Y  | Til og med to grensepunkt | Per eigedom             | Kr 12785,- |
| Vnr. Y  | Per grensepunkt over to   | Per grensepunkt over to | Kr 2080,-  |

| § 4-4-5 Klarlegging av tidlegare koordinatfesta grensar (grensepåvising) |                           | Berekningsseining       | Gebyr     |
|--|---------------------------|-------------------------|-----------|
| Vnr. Y   | Til og med to grensepunkt | Per eigedom             | Kr 4850,- |
| Vnr. Y   | Per grensepunkt over to   | Per grensepunkt over to | Kr 585,-  |

| § 4-4-6 Oppmålingsforretning for ny anleggseigedom |  | Berekningsseining | Gebyr |
|--|--|-------------------|-------|
| Vnr. Y   | Oppmålingsforretning for ny anleggseigedom | Etter § 4-2       |       |

Minstepris er tilsvarande gebyret for areal frå 251 til 2.000 m<sup>2</sup> etter § 4-4-1.

| § 4-4-7 Oppmålingsforretning ved arealoverføring mellom eigedommar |  | Berekningsseining | Gebyr      |
|--|--|-------------------|------------|
| Vnr. Y   | Areal inntil 250 m <sup>2</sup>        | Per eigedom       | Kr 19075,- |
| Vnr. Y   | Areal frå 251 til 2.000 m <sup>2</sup> | Per eigedom       | Kr 28015,- |

Areal over 2.000 m<sup>2</sup> vert prisa etter § 4-2 med minstepris tilsvarande gebyret for areal frå 251 til 2.000 m<sup>2</sup>. Arealoverføring utløyser dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

| § 4-4-8 Oppmålingsforretning ved arealoverføring mellom eigedommar som er del av offentlig veg |  | Berekningsseining | Gebyr      |
|--|--|-------------------|------------|
| Vnr. Y   | Areal inntil 250 m <sup>2</sup>        | Per eigedom       | Kr 15255,- |
| Vnr. Y   | Areal frå 251 til 2.000 m <sup>2</sup> | Per eigedom       | Kr 22410,- |

Areal over 2.000 m<sup>2</sup> vert prisa etter § 4-2 med minstepris tilsvarande gebyret for areal frå 251 til 2.000 m<sup>2</sup>. Arealoverføring utløyser dokumentavgift.

| § 4-4-9 Oppmålingsforretning av uteareal på eigarseksjon |                                | Berekningsseining | Gebyr     |
|--|--------------------------------|-------------------|-----------|
| Vnr. Y   | Areal under 500 m <sup>2</sup> | Per eigarseksjon  | Kr 9595,- |

Areal over 500 m<sup>2</sup> vert prisa etter § 4-2 med minstepris tilsvarande gebyret for under 500 m<sup>2</sup>. Gebyret ovanfor skal òg betalast ved reseksjonering som endrar uteareal på eigarseksjon.

| § 4-4-10 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning |   | Berekningsseining   | Gebyr     |
|---|---|---------------------|-----------|
| Vnr. Y  | Gebyr for oppretting av matrikkeleining | Per matrikkeleining | Kr 3835,- |

Oppmålingsforretninga skal vere fullført innan to år etter at eininga er oppretta. Gebyret kjem i tillegg til § 4-4-1.

| § 4-4-11 Privat grenseavtale |   | Berekningsseining              | Gebyr     |
|------------------------------|---|--------------------------------|-----------|
| Vnr. Y                       | Inntil 2 grensepunkt eller 100 m grenselengde         | Grensepunkt eller grenselengde | Kr 8790,- |
| Vnr. Y                       | For kvart nytt punkt eller påbyrja 100 m grenselengde | Grensepunkt eller grenselengde | Kr 1360,- |

Billigaste alternativ for rekvirent skal veljast. Alternativt kan gebyr fastsetjast etter § 4-2.

#### § 4-5. Rabattar

Rabatt vert rekna av samla sakshandsamingsgebyr.

| Rabattar |   | Berekningsseining | Gebyr |
|----------|---|-------------------|-------|
| Vnr. Y   | Ved samtidig oppmåling av 2 til 10 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon.      | Rabatt            | 10 %  |
| Vnr. Y   | Ved samtidig oppmåling av fleire enn 10 tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret per eigedom/seksjon. | Rabatt            | 30 %  |

#### § 4-6. Andre gebyr

| Andre gebyr |                           | Berekningsseining | Gebyr                     |
|-------------|---------------------------|-------------------|---------------------------|
| Vnr. Y      | Utferding av matrikelbrev | Per brev          | Etter matrikel-forskrifta |

## Kapittel 5 – Eigarseksjonering

#### § 5-1. Generelt

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eigarseksjonslova skal det bereknast gebyr. Gebyr vert kravd inn etterskotsvis, men kan i enkelte tilfelle krevjast inn forskotsvis. Verksemdsleiar tar stilling til dette. Kommunen kan i tillegg krevje dekt nødvendige tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

#### § 5-2. Timepris

For dei tenestene som ikkje vert omfatta av dette regulativet så kan det takast gebyr etter tid som går med til kommunens arbeid. Timesatsen dekker òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

| Timepris |  | Berekningsseining | Gebyr     |
|----------|--|-------------------|-----------|
| Vnr. Y   | For tenester som ikkje fell inn under regulativføresegnene | Per time          | Kr 1040,- |

#### § 5-3. Oppretting av eigarseksjonar

Maksimalt gebyr vert sett til tre gonger gebyret for fem til ti seksjonar.

| Oppretting av eigarseksjonar |  | Berekningsseining | Gebyr      |
|------------------------------|--|-------------------|------------|
| Vnr. Y                       | For to til fire seksjonar                | Per søknad        | Kr 17000,- |
| Vnr. Y                       | For fem til ti seksjonar                 | Per søknad        | Kr 21000,- |
| Vnr. Y                       | Frå ti seksjonar, tillegg per ny seksjon | Per søknad        | Kr 2000,-  |

#### § 5-4. Endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige , reseksjonering

| Endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige , reseksjonering |   | Berekningsseining | Gebyr      |
|---|---|-------------------|------------|
| Vnr. Y  | Endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige , reseksjonering | Per søknad        | Kr 25000,- |

#### § 5-5. Endring av eigarseksjonar kor berre tilleggsareal bygning og/eller grunn er rørt av søknaden

| Endring av tilleggsareal til eigarseksjonar i seksjonert sameige |  | Berekningsseining | Gebyr      |
|--|--|-------------------|------------|
| Vnr. Y   | Endring av tilleggsareal til eigarseksjonar i seksjonert sameige | Per søknad        | Kr 10000,- |

Gjelder mellom anna bytte av parkeringsplass.

#### § 5-6. Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Det skal betalast gebyr ved sletting eller oppheving av seksjonert sameige.

| Sletting/oppheving av seksjonert sameige                          | Berekningsseining | Gebyr     |
|---|-------------------|-----------|
| Vnr. Y Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom | Per eigedom       | Kr 3000,- |

#### § 5-7. Synfaring

Synfaring av eigedom vert utført når kommunen finn det nødvendig ved behandling av saka. Gebyr kjem i tillegg til behandlingsgebyret.

| Synfaring                  | Berekningsseining | Gebyr     |
|----------------------------|-------------------|-----------|
| Vnr. Y Gebyr for synfaring | Per synfaring     | Kr 3500,- |

#### § 5-8. Avbroten sak

Dersom søkjar avbryt søknadsprosessen før tinglysing skal det betalast eit gebyr for å dekke kostnadene til kommunen med saksarbeidet.

| Avbroten sak                  | Berekningsseining | Gebyr              |
|-------------------------------|-------------------|--------------------|
| Vnr. Y Gebyr for avbroten sak | Per søknad        | 1/3 av samla gebyr |